



Marta Berit Kjetland Riise  
Eitrheimsvegen 96  
5750 ODDA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1589 - 18/17388

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

31.05.2018

## Dispensasjon for oppføring av vedbod/skykkje - gbnr 209/14 Høyland

**Administrativt vedtak. Saknr:** 277/18

**Tiltakshavar:** Marta Kjetland Riise

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring av vedbod/skykkje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 0 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 0 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.05.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving: «Utgått løyve 1997/4044».

Søklar fekk i løyve frå 27.08.1997 løyve til riving av gamalt/oppføring av nytt uthus < 30m<sup>2</sup>.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.05.2018.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket påverkar ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst i samsvar med pbl. § 27-4.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **VURDERING:**

#### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsyna bak LNF- føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Eigedommen er ikkje ein landbrukseigedom i drift og er bygd eigedom med fritidsbustad. Vedboden er eit mindre bygg inntil 30 m<sup>2</sup> BYA i ein etasje. Omsynet bak LNF føremålet er vurdert å ikkje gjera seg gjeldande i denne saka.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at omsynet bak LNF- føremålet ikkje vert vesentleg sett til side ved omsøkte tiltak. I vurderinga har ein lagt særleg vekt på at omsøkte tiltak gjeld eit mindre bygg med eit bebygd areal på ca 30m<sup>2</sup>.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå kommuneplanen.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring av vedbod/skykkje med ein etasje og grunnflate på inntil 30 m<sup>2</sup> bygd areal (BYA).**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/1589»

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Bortfall av løyve**

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN

**Mottakar:**

Marta Berit Kjetland Riise

Eitrheimsvegen 96 5750

ODDA